

Årsrapport Holy Riders MC avd. Nordhordland 2013

I 2013 har me satsa på å ha klubbkveldar annankvar veke fram til vårmånstringa, dvs ut april. I vintersesongen møtes me heime hos kvarandre på klubbkveldane, dette er sosialt og knyter band. I kjøresesongen har me ikkje hatt tradisjonell mc-kafe slik me har hatt dei siste åra, men satsa meir på kjøring i området, besøk til andre klubbar og fellesturar til torget i Bergen. Dette pga me hadde ynskje om å koma oss meir ut blant folk. Utenom kjøringa har me hatt storsatsing 2 gongar med ope hus / mc-kafe med dyno-benk, gratis vafler og kaffe. Desse kveldane har me invitert mc-folk i Nordhordland og frå Osterøy, dette har vært vellykka med stort oppmøte og mykje lyd, samt nokre litt skuffa MC eigarar etter resultatet frå dynobenken.... I forkant av desse kveldane har me hatt "plakat-run" og reklamert for både dyno-benk kveldane og Generasjonsrallyet.

Samarbeidet med HR-Bergen om Generasjonsrallyet, andre sosiale treff, og fellesturar til torget, har vore berikande for begge avdelingar.

Vårmønstringa på festplassen regna vekk i år.

Helga 24-26 mai var me medhjelparar på laurdagen då HR Bergen arrangerte Generasjonsrally på Seim. Generasjonsrally er eit MC treff der det er fokus på det "barnevenlege", so det var mykje familiar som kom. Me var heldige med været og det var ulike mc-klubbar innom. Laurdagskvelden hadde Dag Arne Saltnes ein strålende konsert og då var det stappa fullt av mc-folk i gammen hos Ole Kristian Kjenes. Folk sang med og stemningen stod i taket.

Me var mange frå Nordhordland som reiste ned til Kvinesdal på Pilegrimstreffet i juni. Dette er eit av høgdepunkta i sesongen og prioritert for oss. Det er stort å få treffe andre HR folk og ikkje minst møte gamle og nye venner.

Osterøytreffet i august hadde me prioritert å reise på. Der hadde me kaffetelt saman med HR Bergen. Det var topp vær og me fekk mange gode samtalar rundt tønnebålet. Folk er så opne og vil gjerne snakka om livet og kva dei trur på

Lodd-bøkene til basaren i oktober, hadde me klare allerede i juni slik at me kunne selja i heile sesongen. Basaren hadde me i oktober og det var godt oppmøte og stormande jubel. Me enda opp med eit overskot litt under kr. 30.000,- litt bedre enn for 2012.

I september inviterte me Goldwing klubben til gratis pizza. Desse møtte me på ein av kjøyreturane våre i sumar. Det kom masse folk og Trond Ytreland hadde ein glimrande andakt for eit trakkande fullt loft.

Her vart folk berørt det kan ein trygt sei og det har me også fått tilbakemelding på. Positivt var det også at me fekk stifta bekjentskap med nye mc-venner. Dette vil vi gjenta.

I haust kom det opp at Eikanger bedehus var for sal. Eigarane ville at huset fortsatt skulle brukast til kristent arbeid og at HR kunne vera ein aktuell kjøpar.

Den 5 november var heile avdelinga på synfaring og me bad om leiing frå Herren og la inn eit bod på kr. 300.000.-. Me fekk klart svar, huset vart seld (usett) før visning for kr. 1.mill.

Tett oppunder jul drog ein liten gjeng i gang to tema kveldar på klubbhuset. Eine kvelden var det filmkveld (film med kristent innhald) med popcornmaskin! den andre kvelden hadde me biljard- og dartturnering, (med gløgg og papparkaker). Her inviterte me også med oss folk som ikkje har tilknytning til mcmljøet. Tilbakemeldingane var positive, ei dame sa at “du er heldig som er ein del av dette”, det vart ein tankevekkar for underteikna.

Referent
Nora Gjerde